



Rådmanns framlegg til Budsjett 2019

Administrasjon og felleskostnader

Budsjettseminar 29 -30 oktober 2018

Administrasjon og fellesøkonomi

- Leiing og stab/støtte er det som vert definert som administrasjon
- 2019: Leiing 3,5 årsverk (+0,5 årsverk prosjektleiing Lev Vel)
- Administrative tenester er samla i **sentral stab** under rådmann
 - Helse og omsorg har litt på fakturering, personal, post/arkiv (støtte)
 - Skule har litt på budsjett/økonomi/digitalisering (stab)
- Stab er ofte definert som funksjoner som på vegne av leiinga ivaretar oppgåver som styring, utvikling, planlegging, koordinering, analyse, revisjon, rådgjeving og rapportering. Stabsfunksjonar vert knytt til ulike leiarnivå i ein organisasjon.
- Stabsfunksjonar: Økonomi, HR, Utvikling, innovasjon, digitalisering. Kommunikasjon.
- Støtte/fellestenester: Regnskap, fakturering, innkreving, løn, personal, HMT, postføring, arkiv, ikt, service og informasjon, politisk sekretariat
- I tillegg har staben noko tenesteyting; saksbehandling av søknader, service

Stab/støtte - fellesfunksjonar

- Kostnader for fellesfunksjonar for heile kommunen
- 12,3 stilling (13 pers) herav 11,3 administrasjon - redusert dei siste åra

Desse fagområda inngår:

- HR, Økonomi, Innbyggarservice, kommunikasjon, post/arkiv, politisk, tenesteyting. I tillegg ein del prosjekt
- 2 stillingar frå helse og omsorg har arbeidsplassen sin i staben

Rådmann /Leiing 3,5 årsverk. Rådmann, Ass. Rådmann, kommunalsjefar

- Overordna leiing av tenester og administrasjon. Strategisk leiing,
- Organisasjonsutvikling og innovasjon. Digitalisering
- Styringssystem
- Kvalitetsutvikling/sikring.
- Leiarutvikling.
- Prosjektstyring/prosjektleiing.
- Saksførebuing og saksbehandling,
- Rådgjeving,
- Sekretærfunksjonar faste utval og arbeidsutval.
- Overordna internkontroll og eigenkontroll. Systemansvar.
- Representasjon
- Tenesteyting (kommunalsjef)
- mv.

Felles økonomi

Under fellesøkonomi ligg budsjetterte kostnader til

- politiske utval - auke godtgjersle
- ordførar/varaordførar
- Kontrollutval og revisjon – har lagt inn foreslått auke for 2019
- ymse råd (ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne)
- tilskot til Kyrkjeleg fellesråd, Frivilligsentral, stimuleringstilskot, VNS og andre tilskot

Rådmannsfunksjonen og stab er også ført under fellesøkonomi. Kostnader på kommunenivå, som t.d IKT-kostnader, premieavvik mv vert ført her

- Bruk av premiefond frå KLP med 8,0 mill vert ført på fellesområdet. Dette er grunnen til at ramma for 2019 er lågare enn ramma for 2018.

Nye oppgåver/kostnader for 2019:

- Kostnader i samband med val
- Avtale med Kvam herad om kontroll med salstadar for tobakk

Drift av Frivilligsentral er budsjettert med kr 682.000,- i brutto drift. Frå 2017 vart midlar til frivilligsentral lagt inn i rammetilskotet, det medførte at kommunen må dekke heile drifta av ramma.

Kyrkjeleg fellesråd (KF) er budsjettert med ei overføring på kr 4.400.000 inkludert tenestene KF får gjennom avtalen med kommunen om m.a. reinhald og graving av graver. Avtalen vert indeksregulert årleg og er for 2019 tett på 800.000. Midlane vert løyvd som tilskot frå fellesområde og går som dekning av kostnadene på samfunnsutvikling. Tidlegare er løyvinga direkteført under sentrale postar, det er rett å samle desse kostnadane til KF under tilskot på felles økonomi.

Kyrkjeleg Fellesråd har presentert eit ynskje om ei ramme på 5,2 mill, dette vert vedlagt saka som kjem til behandling.

Tilskot til andre trudomssamfunn er budsjettert med kr 190.000,-

Næringselskapet får overført same sum som tidlegare – kr 1 mill – som vert dekka av næringsfondet.


Tilskot til bustadutbetring er budsjettert med kr 300.000,- som vert finansiert med utbetringstilskot frå Husbanken. Det er budsjettert med kr 300.000,- i stimuleringstilskot, behovet varierer frå år til år.

Kostnader til fellesfunksjonar for heile kommunen som t.d. IKT drift og utvikling, pensjon, forsikring, ymse tilskot, interkommunale samarbeid og kjøp av tenester, bedriftshelseteneste, verneteneste og hovudtillitsvald med meir inngår.

Av felleskostnader er dette dei største postane:

- ❖ **6,6 mill.** Drift og utvikling/digitalisering av IKT inkl programvare, lisensar og datakommunikasjon (fibernett). Kostnader til drift er stabil, men kostnader til fiberlinjer er aukande pga. mange bygg og aukande digitalisering. Programvare og særleg årlege lisensar aukar.
- ❖ **1,7 mill.** Kjøp av/samarbeid om tenester til erstatning for egen tenesteproduksjon t.d kapitalforvaltning (BCM), innkjøpssamarbeid (Bergen), arbeidsgjevarkontroll (Bergen), interkommunalt arkiv (IKAH)
- ❖ **1 mill** til AFP pensjonar, seniorbonus og forsikringar
- ❖ **1 mill** til medlemskap KS, LVK, BOF m. fl. og til kjøp av juridiske eller andre konsulentteneste
- ❖ **1,3 mill** felleskostnader til bedriftshelseteneste, telefoni, annonsar, frankering, renter og gebyr bank, abonnement/årsgebyr personal og løn

Kva bruker Vaksdal til politisk styring, kontroll og administrasjon? - samanlikna med kommunegrupper, fylket og landet? Frå SSB



	VK2017	KG2 2017	KG3 2017	Fylket 2017	LanduO 2017
100 Politisk styring	871	775	819	317	381
110 Kontroll og revisjon	142	204	202	55	102
120 Administrasjon	3038	4961	5 951	2 908	3 286
180 Ulike råd	827	77	352	69	112

Mål og satsingar for staben i 2019

- Vidareutvikle verksemdsstyringa
- Vidareutvikle kontrollaktiviteter basert på ROS-analyser
- Ta i bruk nye modular i økonomi- og personalsystemet (Visma)
- Vidareutvikle kommunikasjon og service. Jobbe med Klart språk.
- Drive utviklingsarbeid og digitalisering
- Gjennomføre medarbeidarundersøking

For kommunen sine fellesfunksjonar/stab er kapasiteten avgrensa og sårbar, ulike samarbeid om oppgåveløysing med andre kommunar er aktuelt. Det vert utgreidd løysingar for felles fagmiljø og oppgåveløysing for å styrke kompetanse og kapasitet. Felles system legg til rette for at slikt samarbeid kan organiserast utan samlokalisering.

Budsjett 2019

Felleskostnader aukar på fleire postar og kostnader til politisk drift og tilskot er aukande. Det reduserer ramma til rådmann og stab.

I budsjettet ligg det effektiviseringskrav for administrasjonen mellom anna gjennom digitalisering og interkommunalt samarbeid.